



Postmottak@hod.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksh. – tlf.

Dato

2009/2549 - 25251/2009 Sølvi Fotland Spilde - 55097059

16.12.2009

Høyringsuttale - forslag til endringar i alkoholova

Det vert frå Fjell kommune gitt følgjande uttale til høyringsnotat om forslag til endringar i alkoholovgjevningen:

1. Endringar i maksimaltidene for skjenking:

Fjell kommune er positiv til innskrenking av maksimaltidene for skjenking med ein time. Fjell kommune har vedteke å følgje normaltiden til alkoholova. Ei innskrenking av maksimaltidene vil mellom anna gjere forskjellane mindre mellom skjenkestader i Fjell og nabokommunane som har utvida skjenketider.

2. Vurdering av kontroll- og reaksjonsføresegnene

Fjell kommune er negativ til ei ordning kor kontrollør for sals- og skjenkeløyve får kompetanse til å inndra eit sals- eller skjenkeløyve på staden, dersom alvorlege brot vert avdekket. Fjell kommune meiner at dei forvaltningsrettslege prinsippa må vege sterkast i denne samanhengen. Ein sals- eller skjenkestad må få høve til å uttale seg, og eventuelt nytte seg av klageretten før eit inndragingsvedtak kan setjast i verk. Fjell kommune meiner at alkoholovas § 1-8a, andre ledd, som gir politiet stengingsadgang, er dekkande for eit eventuelt behov for umiddelbar stenging av ein skjenkestad. Dei signala Fjell kommune har fått frå kontrollørane er at dei sjølv ikkje ønskjer denne regelendringa. Konsekvensane kan bli store for både skjenkestaden og kontrollør dersom det vert gjort feilvurderingar.

Fjell kommune meiner det kan takast andre verkemiddel i bruk for å betre kontroll av sals- og skjenkestader. Mellom anna kan det utviklast eit nettverk/forum mellom kommunane, departementet og Fylkesmannen, kor ein kan dele erfaringar og få råd og rettleiing i saker og sals- og skjenkeløyver. Årlege seminar om ulike tema i alkoholova samt nettverksbygging kan vere nyttig, samt fokus på opplæring av kontrollørar og saksbehandlarar.

3. Fjell kommune er positiv til dei andre endringane som vert skissert i høyringsnotatet

Med helsing

Sølvi F. Spilde
Sølvi Fotland Spilde
saksbehandlar